

# EKSEMPEL

Dette er kun eit eksempel for ei tenkt verksemd. Det er avgjerande for sikkerheita at di verksemd utarbeidar sin eigen rutine tilpassa deira drift.

## **Rutine for retur av ubrukt og udetonert fyrverkeri**

I perioden 1. januar – 31. januar pliktar vi å ta imot ubrukt og udetonert fyrverkeri.

Vi tek IKKJE imot dynamitt, ammunisjon eller andre typar sprengstoff.

Vi tek imot fyrverkeri sjølv om det ikkje er kjøpt i vår butikk. Kunden treng ikkje å framvise kvittering.

Vi tek imot fyrverkeriretur i heile opningstida. Ansvarshavande eller annan kompetent person skal varslast med ein gong.

Returnert fyrverkeri skal umiddelbart flyttast vekk frå butikken og til eit trygt stad. Hos oss er dette **xxxxxx**.

Returnert fyrverkeri skal behandlast som skarp vare uansett tilstand. Er ansvarshavande usikker på fyrverkeriets tilstand, kan fyrverkeriet dyppast i vatn for å eliminere all fare.

Vår fyrverkerileverandør skal kontaktast på **xxx xx xxx**, slik at dei kan komme og hente fyrverkeriet. Dette bør skje innan 48 timar. Leverandøren sørgjer for vidare kontroll og destruksjon av fyrverkeriet.

Alle tilsette skal vere kjende med denne rutinen.